

## Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 2. juni 2010

- Til stades:* Ida Berntsen (på telefon frå Oslo) (ugild i S 7.11/10), Jan Olav Fretland, Tor Fuglevik (ugild i S 7.8/10), (ikkje S 9.2/10 og S 9.3/10), Ottar Grepstad (ugild i S 7.11/10), Marit Hovdenak, Silje Solheim Karlsen (ikkje S 9.2/10 og S 9.3/10) og Magni Øvrebotten
- Frå sekretariatet:* Sylfest Lomheim (direktør), Svein Arne Orvik (informasjonssjef), Eilov Runnestø (rådgjevar), Karl Henrik Steinsholt (administrasjonssjef) og Sigfrid Tvitekkja (fagkoordinator). (Ingen av desse var til stades på S 9.1/10.)
- Frå nynorsknemnda:* Grete Riise, leiar for nemnda (S 8.2/10)
- Møtestad:* Hotel Terminus, Bergen
- Møteleiar:* Berntsen, assistert av Fretland i møtelokalet
- Referent:* Runnestø
- Møtetid:* Kl. 13.30–17.00

### **Sakliste:**

#### Vedtaksaker

- S 7.1/10 Førebels protokoll frå styremøtet 21. april 2010
- S 7.2/10 Rekneskap per 30. april 2010
- S 7.3/10 Verksemdsplanen for 2010, avvik per 1. juni
- S 7.4/10 Språkdagen 2010, programopplegget
- S 7.5/10 Teiknspråksituasjonen og fagråd for minoritetsspråk
- S 7.6/10 Handlingsplanen for norsk språk og IKT, revisjon
- S 7.7/10 Masterstipend i terminologi og fagspråk
- S 7.8/10 Nytt nordisk fjernsynstilbod
- S 7.9/10 E-bøker og språkpolitikk
- S 7.10/10 Rosings språkpris – oppnemning av jurymedlem frå Språkrådet
- S 7.11/10 Norsk kunnskapsbase på nettet

#### Informasjonssaker

- S 8.1/10 Personalsaker
- S 8.2/10 Arbeidet med nynorskrettskrivinga, Grete Riise informerer
- S 8.3/10 Frå fagråda
- S 8.4/10 Abonnementundersøking for Språknytt
- S 8.5/10 Eit elevprosjekt: Språkfeil i norsklærebøker for barneskulen
- S 8.6/10 Kompetanseprøvar for språkkonsulentar, resultat
- S 8.7/10 Annan informasjon

#### Eventueltsaker

- S 9.1/10 Om prosessen med å tilsetja ny direktør
- S 9.2/10 Statoil og bruk av engelsk
- S 9.3/10 Språkversjonering av trykksaker og skjermmiljø – spørsmål frå Kulturdepartementet

Styreleiaren melde ei eventueltsak om tilsetjingsprosessen, S 9.1/10, og direktøren melde to andre, S 9.2/10 om Statoil og bruk av engelsk og S 9.3/10 Språkversjonering av trykksaker og skjermmiljø.

## **Vedtaksaker**

### **S 7.1/10     Protokoll frå styremøtet 21. april 2010**

**Sakspapir:** Den førebelse protokollen frå aprilmøtet

**Vedtak:**     *Styret godkjende den framlagde protokollen.*

### **S 7.2/10     Rekneskap per 30. april 2010**

**Sakspapir:** Rekneskapsrapport per 30. april 2010  
Notat frå sekretariatet 26. mai 2010

Riksrevisjonen hadde ingen merknader til gjennomsynet av 2009-rekneskapen.

**Vedtak:**     *Styret tok rekneskapsrapporten til etterretning.*

### **S 7.3/10     Verksemdsplanen for 2010, avvik**

**Sakspapir:** Verksemdsplanen med kommentarar om avvik per 1. juni 2010

**Vedtak:**     *Styret godkjende avvika i verksemdsplanen.*

### **S 7.4/10     Språkdagen 2010, programopplegget**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 26. mai 2010

Frå drøftinga:

- det må koma tydeleg fram at norsk terminologi og fagspråk gjeld begge målformer
- emnet for paneldebatten er uklårt presisert. Kva med framandgjeringa og tryggleiksproblematikken ved fagspråk på engelsk?

**Vedtak:**     *Styret godkjende det førebelse programutkastet med dei innspela som kom på møtet.*

### **S 7.5/10     Teiknspråksituasjonen og fagråd for minoritetsspråk**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 20. mai 2010

Eit av dei nye tiltaka då Stortinget vedtok den nye språkpolitikken 28. april 2009, var at Språkrådet skulle få rådgjevingsansvar også for språklege minoritetar i Noreg. Departementet har informert om at det i 2010 skal lysast ut ei rådgjevarstilling i teiknspråk og ei for andre minoritetar. Før det ynskjer departementet ei utgreiing av saksfeltet.

Språkrådet gjev gjerne hjelp til å få gjort utgreiinga. I 2011 byrjar ein ny funksjonsperiode for dei fire fagråda, og styret ser gjerne at evalueringa av råda er avslutta før Språkrådet går inn i prosessen med både rådgjevarstillingar og eit femte fagråd.

Styret uttrykte vidare uro over at universiteta i det siste har nedprioritert det store og viktige fagfeltet tolking, omsetjing og teiknspråk (jf. sak om nedlegging av teiknspråk på Universitetet i Oslo i mars 2010). Dette ynskjer styret at departementet formidlar til undervisningsstyresmaktene.

**Vedtak:** *Saka blir utsett til møtet 30. august. Styret ber leiaren ta kontakt med departementet for at nokon derifrå kan vera representert på det møtet i denne saka.*

## **S 7.6/10 Handlingsplanen for norsk språk og IKT, revisjon**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 10. mai 2010

Den opphavlege handlingsplanen for norsk språk og IKT vart levert kulturministeren i 2001. Det tiltaket som har fått mest omtale, er Språkbanken, som no skal realiserast under Nasjonalbiblioteket. Styret i Språkrådet har framleis ansvar for IKT-arbeidet.

**Vedtak:** *Styret vedtek forslaget til arbeidsmåte og framdrift som er føreslått i saksframlegget, og gjev direktøren fullmakt til å oppnemna arbeidsgruppa.*

## **S 7.7/10 Masterstipend i terminologi og fagspråk**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 20. mai 2010

**Vedtak:** *For å markera at feltet terminologi og fagspråk treng fagleg styrking, ynskjer styret å løyva kr 50 000 i inneverande år til ein student som skriv masteroppgåve i terminologi og fagspråk.  
Fagrådet for terminologi og fagspråk administrerer stipendet.*

Fagrådet meiner det bør knytast vilkår om norsk fagspråk til stipendet. Styret overlet til fagrådet å vurdera vinklinga.

## **S 7.8/10 Nytt nordisk fjernsynstilbod**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 19. mai 2009

**Vedtak:** *Styret i Språkrådet vil uttrykkja full støtte til tankane om å etablere eit nytt tilbod når det gjeld nabolandsfjernsyn. Eit slikt tilbod ser me som eit element i den vedtekne språkpolitiske strategien (jf. stortingsvedtaket den 28. april 2009), og det vil vera ei styrking av den nordiske fellesskapen.*

## **S 7.9/10 E-bøker og språkpolitikk**

**Sakspapir:** E-post frå fagrådet for samfunn og høgare utdanning 18. mai 2010 vedlagt utkast til brev til kulturministeren  
Notat frå sekretariatet 19. mai 2010

Denne saka galdt spørsmålet om innføring av moms på e-bøker.

**Vedtak:** *Styret gav leiaren fullmakt til å senda brevet til Kulturdepartementet.*

## **S 7.10/10 Rosings språkpris – oppnemning av jurymedlem frå Språkrådet**

**Sakspapir:** Notat frå sekretariatet 19. mai 2010

**Vedtak:** *Styret oppnemnde seniorrådgjevar Torbjørg Breivik som medlem av juryen for Rosings språkpris.*

## **S 7.11/10 Norsk kunnskapsbase på nett**

**Sakspapir:** Innlegg i Aftenposten 24. mars 2010  
Notat frå sekretariatet 20. mai 2010

**Vedtak:** *Språkrådet meiner det er heilt grunnleggjande både fagleg og språkpolitisk at samfunnet vårt også i framtida har tilgjenge til ein kvalitetssikra, norskredigert kunnskapsbase – som eit alternativ til internasjonalt forankra kunnskapsbasar.*

*Språkrådet meiner vidare at det er ei offentleg oppgåve å ta ansvar for at eit slikt nettbasert leksikon kjem på plass.*

## **Informasjonssaker**

### **S 8.1/09 Personalsaker**

**Sakspapir:** Kopi av brev til Sylfest Lomheim 12. mai 2010 frå Kulturdepartementet

- 1) Departementet har forlenget fungeringsperioden for direktøren til 1. september 2010.  
Direktøren orienterte om at i tida frå han sluttar og fram til ny direktør er på plass, fungerer desse i direktørstillinga: administrasjonssjef Karl Henrik Steinsholt, fagkoordinator Sigfrid Tvittekkja og styreleiar Ida Berntsen.
- 2) Direktøren opplyste vidare at rådgjevar Karianne Skovholt sluttar i stillinga si 1. august.

Styret tok sakene til etterretning.

## **S 8.2/10      Arbeidet med nynorskrettskrivinga**

**Sakspapir:** Referat frå møtet i nynorsknemnda 14. april 2010  
Orientering 29. april til sekretariatet om diskusjonsforumet Nynorsk 2011  
vedlagd e-post på bokmål og nynorsk til utsending til allmenta om å ta del i  
ordskiftet om Nynorsk 2011

Leiaren av nynorsknemnda, Grete Riise, orienterte om status for arbeidet i  
rettskrivingsnemnda per 2. juni 2010 og om framdriftsplanen.

Styret tok saka til orientering.

## **S 8.3/10      Frå fagråda**

**Sakspapir:** *Frå fagråd (1) for samfunn og høgare utdanning:*  
Referat frå møtet 5. mai 2010  
*Frå fagråd (2) for skole og offentleg forvaltning:*  
Referat frå møtet 28. april 2010  
*Frå fagråd (4) for terminologi og fagspråk:*  
Innkalling til møte 28. mai 2010

Styret tok sakene til orientering.

## **S 8.4/09      Abonnementundersøking for Språknytt**

**Sakspapir:** Presentasjon av resultat frå undersøkinga og informasjon om korleis undersøkinga  
blir følgd opp.

Nær ein tredel av alle som får Språknytt, svara på spørsmåla. Abonnentar i alle  
aldersgrupper er mellom anna mest interesserte i å lesa om rettskriving, nyhende frå  
Språkrådet, etymologi og språk i media og kulturlivet.

Styret tok saka til orientering.

## **S 8.5/10      Eit elevprosjekt: Språkfeil i norsklærebøker for barneskulen**

**Sakspapir:** E-postbyte med Tokke barneskule 1. og 6. oktober 2009  
Brev til Utdanningsdirektoratet 7. mai 2010 med vedlegg  
Frå Telemarksavisa 25. mai 2010

Styret er uroa over at ingen har tilsyn med den språklege kvalitetssikringa av  
lærebøker. Direktøren opplyste at dette er éi av sakene han vil ta opp med  
utdanningsdirektøren på det tillyste møtet dei skal ha i juni.

Styret tok saka til orientering.

## **S 8.6/10    Kompetanseprøvar for språkkonsulentar, resultat**

Sakspapirer:    Resultat frå kompetanseprøvene i bokmål og nynorsk, juni 2010

Språktenesta for statsorgan i Språkrådet hadde desse resultata etter prøven våren 2010: I nynorsk greidde 10 av 28 kandidatar prøven, i bokmål gjorde 21 av 77 det.

Styret tok saka til orientering.

## **S 8.7/10    Annan informasjon**

Direktøren orienterte om

- at han skal ha møte med utdanningsdirektør Petter Skarheim 21. juni
- at Nasjonalbiblioteket inviterer til ope seminar om Språkbanken 17. juni
- at Språkrådet gjer ei granskning om nynorskkommunane saman med Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Nynorsk kultursentrum
- at skular i Åmli går over til bokmål som opplæringsmålform trass anna tilråding frå den rådgjevande folkerøystinga
- at det er planar om å gå over til bokmål som opplæringsmålform i Askøy kommune, dette er ikkje ferdig på kommunenivå
- at sekretariatet truleg kan få tilleggsareal i fjerde høgda
- at stadnamnsekretæren i Trondheim må flytta til andre lokale

Styret tok sakene til orientering.

## **Eventuelsaker**

### **S 9.1/10    Prosessen med å tilsetja direktør**

Frå denne saka vart ikkje noko protokollført.

### **S 9.2/10    Statoil og bruk av engelsk**

**Sakspapir:**    Frå nettsida til Bergen Tidende 23. april 2010: ”Statoil dropper norsk”  
Kopi av brev 25. mai 2010 frå Noregs Mållag til nærings- og handelsministeren og til olje- og energiministeren  
Utkast til fråsegn frå styret i Språkrådet

Gjennom medieoppslag har det vorte kjent at Statoil ASA i eit brev til underleverandørane sine går over til å bruka engelsk – i staden for norsk – i skriftleg kontakt med Statoil. I fråsegna ber Språkrådet Olje- og energidepartementet om svar på spørsmål som går inn på denne avgjerda.

**Vedtak:**        *Styret sluttar seg til ordlyden i den vedlagde fråsegna. Dessutan kan den*

*undersøkinga Språkrådet gjorde i 2008 blant bedriftsleiarar om haldninga til engelsk i næringslivet, koplast inn.*

### **S 9.3/10 Språkversjonering av trykksaker og skjermmiljø**

**Sakspapir:** Brev 14. april 2010 frå Kulturdepartementet  
Brev 14. mai 2010 frå Kulturdepartementet  
Notat frå sekretariatet 1. juni 2006

Breva frå departementet tek opp måljamstilling i informasjonstilfang på statlege nettsider og språkversjonering i trykksaker. I språkversjonering ligg det mellom anna at menytekstar på nettstaden skal vera tilgjengelege i to versjonar, ein nynorsk-versjon og ein bokmålsversjon, slik at kvar nettbrukar kan velja.

Styret meinte ein regel om språkversjonering vil gagna tilsynet med mållova, vera ryddigast å handheva og eigna seg betre til å synleggjera nynorsk som offisiell målform.

**Vedtak:** *Styret går inn for språkversjonering av trykksaker og skjermmiljø.*

### **S 9.4/10 Samarbeid med fagspråkmiljøet i Bergen**

Tidlegare på styremøtedagen hadde styret i Språkrådet møtt fagspråkmiljøet i Bergen, dvs. representantar frå Handelshøgskolen, Universitetet og Uni Research. Direktøren hadde då nemnt at desse instansane seinare burde møta fagrådet for terminologi og fagspråk.

**Vedtak:** *Direktøren tek uformell kontakt med Universitets- og høgskolerådet og Forskingsrådet.*

Oslo, 30. august 2010

Magni Øvrebotten  
fungerande leiar

Sylfest Lomheim  
direktør